

Kommunal- og moderniseringsdepartementet
Postboks 8112 Dep
0032 OSLO

Høyringsvar til NOU 2020:12 frå Distriktsnæringsutvalet og NOU 2020:15 frå Distriktsdemografiutvalet


UiT Noregs arktiske universitet vil takke for høvet til å gje høyringsvar til Distriktsnæringsutvalet si utgreiing «Næringslivets betydning for levende og bærekraftige lokalsamfunn» (NOU 2020:12) og utgreiinga «Det handler om Norge» (NOU 2020:15) frå Distriktsdemografiutvalet. Det er naturleg å sjå desse to utgreiingane i samanheng då dei har mange av dei same vurderingane og framlegga om høgare utdanning og kompetanse i distrikta. UiT vil også takke for to gode og grundige utgreiingar som tydeleg får fram dei nye utfordringane distrikta står framfor, og kjem med nye vurderingar og framlegg som kan bidra til utvikling i distrikta.

UiT vil først i dette høyringssvaret vektlegge den nordnorske distriktskonteksten, at landsdelen vår er dominert av distriktsbusetjing og distriktsnæringsliv, spreidd ut over ein langstrakt landsdel. Derneft tek vi utgangspunkt i den rolla UiT har som breiddeuniversitet og kompetanseleverandør i Nord-Noreg, og korleis det blir arbeidd med å utvikle denne rolla langs dimensjonar som livslang læring, utdanningssamarbeid med arbeidslivet og satsing på forskning og innovasjon i samarbeid med næringslivet. Dette tydeleggjer det samfunnsansvaret som UiT tek og ønskjer å ta for kompetanseutvikling i landsdelen, både med utgangspunkt i vår regionale fleircampusstruktur i landsdelen, og den omfattande og aukande porteføljen av digitale og nettbaserte utdanningstilbod ved UiT.

I siste del av høyringssvaret vil vi drøfte framlegga som utvala kjem med om høgare utdanning og forskning. UiT støttar særleg framlegga frå Distriktsdemografiutvalet som tydeleggjer at universitet og høgskular skal ha ei distriktspolitisk oppgåve gjennom eit regionalt oppdragsbrev, der måla er å bidra til god tilgang på naudsynt kompetanse i distrikta. Insentivordningar for fleircampusstruktur, studiesenter i regionar utan campus og utvikling av nye fleksible tilbod vil vere tiltak som kan medverke til dette. I tillegg støttar UiT vektlegging av insentiv for samarbeid med arbeidslivet om utvikling av utdanningstilbod, meir praksis og utdanningssamarbeid med arbeidslivet og ordningar som stimulerer distriktsarbeidslivet til samarbeid med universitet og høgskular om forskning og innovasjon.

Nord-Noreg er i stor grad ein distriktslandsdel, med eit arbeidsliv fordelt på mange små regionar

Nord-Noreg skil seg frå dei andre landsdelane ved at det aller meste av landsdelen, som i areal utgjer ein tredel av Noreg, er distrikt slik dette er avgrensa av dei to utvala og av Statistisk sentralbyrå (SSB). Berre Tromsø og Bodø er «over middels sentrale», resten av Nord-Noreg tilhøyrer distrikta, og halvparten av befolkninga i landsdelen bur i dei to kategoriane av minst sentrale kommunar (Høydahl, SSB 2020, sjå



kartutsnitt fra NOU 2020:15)¹. Store avstander avgrensar pendlingsomfanget, og resulterer i at landsdelen består av mange små bu- og arbeidsmarknadsregionar (BA-regionar). Det er berre dei to BA-regionane omkring Tromsø og Bodø som har stor breidde i arbeidsmarknaden og arbeidstilbodet for høgare utdanna, medan tilsvarande regionar med senter i Alta, Harstad, Narvik, Sortland og Rana er klart mindre og smalare. Resten av Nord-Noreg er dekkja av nærmare 50 små BA-regionar, som kvar består av ein eller nokre få kommunar med ein avgrensa arbeidsmarknad for høgare utdanna (Gundersen m.fl., TØI 2019)².

Dei mange små BA-regionane har eit spesialisert næringsliv, fiskeri- og havbruksamfunn på kysten, og landbruks- og reindriftskommunar i innlandet. Andre mindre regionar er spesialisert innan næringar som olje/gass, mineralutvinning eller prosessindustri, eller innan offentleg verksemd som Forsvaret, statsinstitusjonar eller samiske institusjonar. Dette gir også svært ulike kompetansebehov, og utdanningsnivået og –profilen varierer derfor mykje frå region til region. Andelen med høgare utdanning er generelt lågare i Nord-Noreg enn i landet, det er berre Tromsøregionen som har høgare andel enn landsgjennomsnittet. Særleg i næringslivet i Nord-Noreg er andelen lågare enn i Sør-Noreg, i offentleg sektor er skilnaden mindre mellom nord og sør. Forklaringar kan dels vere at det nordnorske næringslivet er samansett av små og mellomstore bedrifter, og at andelen som arbeider i kompetanseintensive næringar er lågare i nord enn i sør, men skilnaden i utdanningsnivå mellom nord og sør er også tydeleg innan dei kompetanseintensive næringane.

Demografien i Nord-Noreg er sterkt prega av den distriktsdemografien som NOU 2020:15 godt skildrar, med aldringa som den viktigaste endringskomponenten når ein ser framover i tid. Det viktigaste for høgare utdanning er likevel den framtidige utviklinga i dei yngre aldersgruppene, som i større grad også blir påverka av flytting. Då storleiken på årskulla varierer, og desse variasjonane reproducerer seg gjennom generasjonar (Sundtske bølger), vil ungdomskulla endre seg også på grunn av dette. Talet på 19-24-åringar nådde ein topp omkring 2015 både i Nord-Noreg og Sør-Noreg, og har i nord gått litt ned dei siste åra, medan talet har vore stabilt i sør etter 2015. Talet på 25-29-åringar er no på topp både i Nord-Noreg og Sør-Noreg etter ein kraftig auke det siste tiåret. Begge aldersgrupper vil ifølgje framskrivingar bli redusert, og denne forventta nedgangen blir klart større i Nord-Noreg enn i Sør-Noreg (Befolkningsframskriving, SSB 2020)³. Dette vil redusere det primære rekrutteringsgrunnlaget til utdanning og arbeid med 12-15% i landsdelen det neste tiåret, medan nedgangen i Sør-Noreg i sum for dei to aldersgruppene blir under 5%. Samstundes vil aldersgruppa 30-39 år, som har vore i vekst dei siste fem år, ifølgje dei same framskrivingane vekse vidare, og meir i nord (ca. 8%) enn i sør (ca. 4%) dei neste sju-åtte åra. Det er altså i Nord-Noreg eit klart aukande rekrutteringspotensiale for vaksne studentar.

¹ Høydahl, E. (2020): Sentralitetsindeksen. Oppdatering med 2020-kommuner. Notater 2020/4. Statistisk sentralbyrå.

² Gundersen, F., R.B. Holmen, W. Hansen (2019): Inndeling i BA-regioner 2020. TØI-rapport 1713/2019. Transportøkonomisk institutt, Stiftelsen Norsk senter for samferdselsforskning.

³ Regionale befolkningsframskrivinger (2020). Statistisk sentralbyrå.

UiT er eit breidde- og fleircampusuniversitet med aukande fleksibelt tilbod og relevant forskning

UiT Noregs arktiske universitet (UiT) er breiddeuniversitetet i Nord-Noreg med campus og studiestader frå Kirkenes i nordaust og Svalbard i nord til Mo i Rana i sør. Med fusjonane med Høgskulane i Finnmark, Harstad og Narvik er UiT vorte eit reelt fleircampusuniversitet i landsdelen. I tillegg samarbeider UiT med studiesenter i andre regionar i landsdelen, og med kunnskapsparkar og næringshagar i heile Nord-Noreg. I sum har UiT ei stor breidde og eit geografisk spreidd fagmiljø for distribusjon av utdanning, og for relevant forskning for landsdelen, og ønskjer å vere ei «Drivkraft i Nord» i tråd med strategien for UiT.

For å møte det geografisk spreidde og fagleg varierte kompetansebehovet i dei ulike regionane i Nord-Noreg har UiT og tidlegare innfusjonerte høgskular i fleire tiår gjeve mange typar fleksible studietilbod regionalt. Samlingsbaserte og desentraliserte studietilbod på mindre studiestader har omfatta både grunnutdanningar og vidareutdanningar, og etter fusjonane er desse også spreidd på UiTs campus og studiestader. Det siste tiåret er det også utvikla fleire nettbaserte eller nettstøtta tilbod, som har auka det fleksible tilbodet ved UiT. Denne auken kjem dessverre ikkje fram i NOU 2020:15, dels fordi dei nettbaserte tilboda i økonomi som har vakse mest ved UiT dei siste åra ikkje er rapportert som fleksible, og dels fordi eksisterande tilbod som blir gjeve på nye campus av utvalet ikkje er medrekna som fleksible tilbod. Pandemien det siste året har akselerert digitaliseringa og auka det digitale tilbodet ved UiT, og med all tydelegheit vist at mykje høgare utdanning kan gjevast digitalt. Det er ein global konkurranse om digitale utdanningstilbod, og UiT må vidareutvikle det digitale tilbodet både teknisk og fagleg for å henge med i denne konkurransen, også i konkurransen om studentane i Nord-Noreg.

Ved UiT har eit nyleg avslutta utvalsarbeid om «Livslang læring i nord» (Arbo, UiT 2020)⁴ vist at ca. 5000 studentar, altså ein knapp tredel av studentane ved UiT, tek studiar som er tilrettelagt for vaksne studentar, og som har gjennomsnittsalder over 30 år. Det er dels samlingsbaserte bachelorutdanningar innanfor profesjonar i helse-, sosial- og pedagogikkfag, dels nettbaserte og nettstøtta ingeniørstudiar, dels erfaringsbaserte masterstudiar og andre samlingsbaserte masterstudiar, samt ei rekke årsstudiar og vidareutdanningar. Felles for dei fleste av desse utdanningane er at dei er på deltid, fleksibilisert i form av samlingar, evt. kombinert med nettstøtte og studiegrupper, eller reint nettbaserte tilbod. Det er innanfor nettbaserte årsstudiar i økonomi og samlingsbaserte masterstudiar UiT har hatt vekst, medan andre typar fleksible studiar har hatt meir stabile studenttal.

UiT er også den klart største forskingsinstitusjonen i Nord-Noreg, og utfører om lag halvparten av forskinga i landsdelen, og vel 80% av forskinga i universitets- og høgskulesektoren i nord (NIFU 2019)⁵. Innanfor arktisk forskning er UiT leiande både nasjonalt og internasjonalt, og høg forskingsaktivitet i nasjonale og internasjonale samarbeid er ein føresetnad for god kvalitet i utdanningstilboda, og dette er grunnleggande for UiT som akademisk institusjon. Forskinga ved UiT har i endå større grad enn utdanningstilboda eit geografisk tyngdepunkt i Tromsø, men regionale campus bidreg til forskning også ved fagmiljø i andre regionar i landsdelen. Mykje av forskinga ved UiT tek utgangspunkt i arbeids- og samfunnslivet i Nord-Noreg, særleg innan helse-, sosial- og samfunnsvitskapleg forskning, og er slik sett relevant for landsdelen. Aukande omfang av forskning innanfor realfag og teknologi vil gjere UiT meir relevant også for næringslivet i framtida. UiT har gode forskingssamarbeid med klynger og enkeltbedrifter, men det er potensiale for meir samarbeid innan fleire fagfelt enn i dag.

UiT tek samfunnsansvaret som den største utdanningsinstitusjonen i distriktslandsdelen

Utvalet ved UiT som har arbeidd med korleis UiT betre kan tilretteleggje for livslang læring (Arbo, UiT 2020), drøftar dei samansette forventningane til UiT, den digitale og globale konkurransen på dette feltet,

⁴ Arbo, P m.fl. (2020): Livslang læring i nord. Rapport fra et utvalg nedsatt av rektor ved UiT Norges arktiske universitet. Rapporten er vedlegg til høyringssvaret.

⁵ Indikatorrapporten (2019). Det norske forsknings- og innovasjonssystemet – statistikk og indikatorer. Nordisk institutt for studier av innovasjon, forskning og utdanning, NIFU.

og utfordringar ved UiTs kapasitet og organisering for livslang læring. Utvalet skisserer ulike modellar for utvikling av meir fleksible og digitaliserte utdanningar, og tydeleggjer at omlegging av utdanningstilbod og undervisning for livslang læring vil krevje kapasitet både fagleg, teknisk og administrativt ved UiT. Uavhengig av val av organisering vil UiT halde fram satsinga på livslang læring, både for å møte dei demografiske endringane med fleire vaksne studentar, og dei meir spesifikke kompetansebehova i arbeids- og samfunnslivet i landsdelens mange regionar.

Dette krev samarbeid med arbeidslivet i regionar, sektorar, bransjar og klynger, eit samarbeid som UiT saman med representantar frå arbeidslivet såg nærmare på i eit tidlegare utvalsarbeid (Iversen, UiT 2019)⁶. Dette utvalet foreslo ei rekke tiltak for meir samarbeid med arbeidslivet, om fagleg innhald i studia, gjennomføring av praksis og oppgåvesamarbeid og overgangen mellom utdanning og arbeid. UiT er i ferd med å iverksetje ei rekke av desse tiltaka, og samarbeider med arbeidslivet om dette i to nye Råd for samarbeid med arbeidslivet (RSA I og II). I 2020 vedtok også UiT ein handlingsplan for innovasjon og entreprenørskap som no blir sett ut i livet.

I tillegg arbeider UiT med å utvikle samfunnsmandatet UiT fekk ved etableringa for meir enn 50 år sidan. Dette byggjer på det arbeidet som UiT og innfusjonerte høgskular har gjort regionalt i mange tiår, og på dei to utvalsarbeida nemnt i førre avsnittet. Det byggjer på UiTs fleircampusstruktur, med studiestader i dei fleste regionar i Nord-Noreg, og samarbeid med studiesentra i andre regionar. Dialogen med regionale aktørar er sentral, og skal medverke til at UiT utfører samfunnsoppdraget til beste for heile landsdelen. Samfunnsmandatet inneber vidare at UiT er til stades i nordnorske regionar, og gjev eit reelt utdanningstilbod til heile befolkninga. Det er ei sentral oppgåve for UiT å syte for at landsdelen får kompetent arbeidskraft, og bidra til forskning og innovasjon på områder som er særleg viktige i Nord-Noreg.

UiT støttar framlegget om at utdanningsinstitusjonane skal ha ei distriktpolitisk oppgåve

Både Distriktsnæringsutvalet og Distriktsdemografiutvalet ønskjer eit større og breiare tilbod av fleksible og desentraliserte utdanningstilbod, for å møte framtidens kompetansebehov i distrikta. Begge utgreiingane vektlegg også at ein desentralisert fleircampusstruktur og samarbeid med studiesenter er naudsynt for å gje slike tilbod mest mogeleg distribuert. I tillegg ønskjer utvala at det blir utvikla fleire nye fleksible og desentraliserte tilbod, over ei større breidde av utdanningsspekteret enn i dag, og meir tilpassa vaksne studentar som kombinerer arbeid, utdanning og familieliv.

Utvala tek til orde for at det må innførast insentivordningar for å oppnå desse måla, altså insentiv for fleircampusstruktur, for studiesentra utanfor campus, og for utvikling av fleire fleksible og desentraliserte studiar. UiT vil her påpeike at slike insentivordningar må materialisere seg i form av finansiering som reelt premierer og stimulerer til desse måla. Distriktsdemografiutvalet er vidare tydeleg på at utdanningsinstitusjonane skal ha ei eksplisitt distriktpolitisk oppgåve i å bidra til god tilgang på naudsynt kompetanse i distrikta. Utvalet foreslår at dette regionale oppdraget skal verte ein del av oppdragsbrevet til utdanningsinstitusjonane, og at midlar til å gjennomføre oppdraget blir styrt og fordelt gjennom dialogen med utdanningsinstitusjonane, i staden for dagens søknadsbaserte ordning gjennom DIKU.

UiT støttar dette framlegget om meir direkte finansiering av den distriktpolitiske oppgåva til utdanningsinstitusjonane, då det vil gje høve til langsiktig kompetansebygging både i UiT, og i arbeids- og samfunnsliv i Nord-Noreg. I Nord-Noreg er det utdanningsinstitusjonane i landsdelen som er den stabile partnaren for regionar, sektorar, bransjar og klynger, medan andre tilbydarar berre er sporadisk til stades. UiT tek allereie dette samfunnsansvaret, men er klar for å utvikle det endå meir i vår desentraliserte fleircampusstruktur, vårt samarbeid med studiesenter, og ved utvikling av nye fleksible og desentraliserte tilbod. Auka satsing på livslang læring, og utvikling av samfunnsmandatet, understrekar UiTs vilje til å

⁶ Iversen, K.R. m.fl. (2019): Sammen om kunnskap for en nordvendt framtid. Råd og anbefalinger for framtidens utdanningssamarbeid ved UiT Norges arktiske universitet. Rapporten er vedlegg til høyringssvaret.

bidra til utvikling i landsdelen. At det følger midlar med det nye spesifikke distriktpolitiske oppdraget vil gjere UiT i stand til å ta dette arbeidet eit steg vidare, då det er opplagte ekstrakostnader ved fleircampusstruktur, desentraliserte studiar og utvikling av fleksible tilbod. UiT ser positivt på at dette vert ein del av tildelingsbrevet til utdanningsinstitusjonane, men ser særleg potensiale for utvikling av oppdraget i dei langsiktige utviklingsavtalane institusjonane har med Kunnskapsdepartementet.

UiT støttar insentiv for desentralisert utdanning og praksis i distrikt

Distriktsdemografiutvalet viser den sterke regionale effekten av studiestad for kor kandidatane tek arbeid, og dermed kva ein desentralisert studiestadstruktur i form av fleircampus og studiesenter kan gjere for å motverke sentraliseringa. UiTs eiga kandidatundersøking (Høgestøl m.fl. 2019)⁷ viser også tydeleg effektane av regionale campus, og særleg betydninga av campus og studiestader i Finnmark for at kandidatar tek arbeid i Finnmark. Ein desentralisert studiestruktur gjev det som blir kalla «rural pipeline», at kandidatane blir utdanna på fleire regionalt fordelte studiestader, som t.d. sjukepleiarutdanninga ved UiT. At denne studiestrukturen har regionale effektar er godt dokumentert (Abelsen m.fl., NSDM, UiT 2020)⁸. Men den har også klare ekstrakostnader knytta til utvikling av regionale fagmiljø og vedlikehald av parallelle strukturar i utdanningsinstitusjonane, ein kostnad utdanningsinstitusjonane tek i dag.

Den andre faktoren i utdanninga som kan gje tydelege regionale effektar er praksis i distrikt, eller det som blir kalla «rural exposure». Dette er særleg viktig for studentar som studerer i byar, og gjerne også er oppvaksen i by, som berre gjennom praksis i arbeidslivet i distrikta får distriktserfaring. Begge utvala er tydelege på at utdanningsinstitusjonane, i samarbeid med arbeidslivet i distrikta, må legge til rette for meir praksis og andre former for utdanningssamarbeid i distrikt. Dette har også ekstrakostnader i form av reise- og opphaldsutgifter, og det krev kompetanse og kapasitet til god rettleiing i arbeidslivet. UiT støttar framlegget om insentivordningar som stimulerer til meir praksis i arbeidslivet i distrikta, men også som stimulerer til andre og nye former for utdanningssamarbeid, og til utvikling av rettleiingskompetanse i distriktsarbeidslivet. I dag er det ulike finansieringsordningar for tilrettelegging for praksis, t.d. mellom statlege helseforetak og kommunehelsetenesta, og for å sikre høve til praksis i distrikt må desse finansieringsordningane vere like gode i distriktsarbeidslivet. Det er også viktig med registrering og evaluering av praksis i distrikt, for å sikre kvalitet i praksis, og at det blir mogeleg å måle dei regionale effektane av praksis på same måte som vi kan sjå regionale effektar av studiestad.

UiT støttar insentiv for meir samarbeid med arbeidslivet i distrikta om utvikling av fleksible tilbod

Som Distriktsnæringsutvalet påpeikar er det også ønskjeleg med meir samarbeid med arbeidslivet om utvikling og utforming utdanningstilbod som møter spesifikke kompetansebehov i arbeidslivet i distrikta. Dette krev dialog med næringsliv og offentleg arbeidsliv i distrikta, ein dialog som pågår i dag, men kan utviklast vidare. UiT støttar framlegg om insentivordningar som stimulerer denne dialogen, og til utvikling av konkrete tilbod i samarbeid med arbeidslivet i distrikta. Det er også viktig at det blir stimulert til samarbeidsordningar i distriktsarbeidslivet regionalt, innan sektorar, bransjar eller klynger, slik at utdanningsinstitusjonane enklare kan ha denne dialogen med noder og nettverk i arbeidslivet.

Den demografiske endringa som vil påverke utdanning i Nord-Noreg mest det neste tiåret er at ein større del av studentane enn i dag vil vere over 30 år, slik det også var tidleg på 2000-talet. Dette tydeleggjer at meir av utdanningstilbodet må utviklast i samarbeid med arbeidslivet, og tilretteleggast for vaksne som kombinerer arbeid, utdanning og familieliv. Denne tilrettelegginga handlar både om å tilpasse tilboda til kompetansebehova i arbeidslivet, til sesongvariasjonar i verksemdenes årssyklus, og til at studentane skal kunne kombinere utdanning med arbeid og familie. Dette krev meir fleksibilitet i utdanningsinstitusjonane, og utvikling av fleire fleksible og digitale utdanningstilbod. Insentivordningar for dette er naudsynt då det

⁷ Høgestøl, A. og O. Bjørnebekk. Kandidatundersøkelsen 2019 for UiT Norges arktiske universitet. Ideas2evidence.

⁸ Abelsen, B., M. Gaski og A. Fosse (2020). Rekruttering og stabilisering av helsepersonell til distrikt. Notat til demografiutvalget. Nasjonalt senter for distriktsmedisin (NSDM), UiT Norges arktiske universitet.

er ekstrakostnader med dette, særleg i utviklinga av gode fleksible tilbod som treff behova til dei vaksne studentane. For å oppnå den regionale effekten av desse fleksible tilboda er det viktig at dei fleste tilbod også har ein fysisk dimensjon ved oppmøte på campus, studiestader eller studiesenter for å møte fagmiljø og andre studentar. Det er derfor særleg viktig med god finansiering av «hybride» tilbod som kombinerer fysisk og digital undervisning.

UiT støttar insentiv for meir samarbeid med arbeidslivet i distrikta om forskning og innovasjon

Begge utvala peikar på at samarbeidet mellom næringsliv og universitets- og høgskulesektoren om forskning og innovasjon må utviklast vidare for å bidra til å auke ei allereie høg verdiskaping i distrikta. UH-sektoren skal i tillegg til å levere kompetente kandidatar til næringslivet i distrikta, også samarbeide om forskning for å løyse problemstillingar for næringslivet i distrikta. Dette forskningssamarbeidet må styrkast både sett frå utdanningsinstitusjonane og frå næringslivet. UiT har eit godt utgangspunkt då mange bedrifter og verksemder i landsdelen ser på UiT som ein ønska samarbeidspart, men manglande kjennskap til relevante fagmiljø og kostnader og tidsbruk til slikt arbeid er ein barriere sett frå bedriftene. UiT arbeider med å styrke inngangen til fagmiljøa i ein samarbeidsportal, og med å synleggjere relevante forskingsmiljø for næringslivet i landsdelen, m.a. i det årlege Peter F Hjort-seminaret som UiT inviterer næringslivet til.

I Nord-Noreg er bedriftene generelt små, og ei utfordring i samarbeidet kan vere å finne samarbeidspartnarar i næringslivet som kan delta i forskning. Klynger, bransjar og grupper av bedrifter kan i ein del næringer vere dei beste samarbeidspartnarane for UiT om slike prosjekt, men store avstandar og små næringsmiljø gjer det vanskeleg å samle næringsmiljøa i geografisk og tematisk sterke klynger. Støtteordningar frå Innovasjon Norge til klyngeetablering stiller krav som næringslivet i Nord-Noreg ikkje alltid har føresetnader for å oppfylle, og pr. no er det fire klynger i dette programmet i landsdelen, men ingen i Troms og Finnmark. Eit supplement er derfor Troms og Finnmark fylkeskommunane eiga satsing på åtte klyngeinitiativ for utvikling av klynger. UiT har samarbeid med dei fleste av klyngene og klyngeinitiativa, og med nokre større enkeltbedrifter og støttar insentiv for slikt samarbeid. Men i tillegg er det naudsynt med andre finansieringsordningar som støttar samarbeid om forskning og innovasjon med dei delane av næringslivet som ikkje naturleg kan samlast i klynger. Det er også viktig at ordningane stimulerer til studentdeltaking i forskningssamarbeidet.

UiT har eit godt utvikla samarbeid med arbeidslivet i offentleg sektor om forskning, særleg innanfor helsetenester der UiT har mykje samarbeid med spesialisthelsetenesta, og då særleg Universitetssykehuset Nord-Norge (UNN). Det er også tilsvarande samarbeid med kommunehelsetenesta om forskning, men omfanget er mindre, og dialogen mellom fagmiljø og kommunar og regionar har gjerne større fokus på praksis og vidareutdanning. Insentivordningar som stimulerer til meir samarbeid om forskning og innovasjon i kommunar og regionar, både innan helse-, sosialfag, pedagogikk og andre relevante utdanningar for kommunesektoren, vil kunne bidra til meir forskningssamarbeid med det offentlege arbeidslivet i distrikta. Dette forskningssamarbeidet kan med fordel også koplant til dei fleksible utdanningstilboda, slik at distriktsperspektiva som naturleg kjem fram i desse utdanningane også påverkar problemstillingane for forskning.

Anne Husebekk
Rektor

Jørgen Fossland
Universitetsdirektør

—

Vedlegg:

1. Arbo, P m.fl. (2020): Livslang læring i nord. Rapport fra et utvalg nedsatt av rektor ved UiT Norges arktiske universitet
2. Iversen, K.R. m.fl. (2019): Sammen om kunnskap for en nordvendt framtid. Råd og anbefalinger for framtidens utdanningssamarbeid ved UiT Norges arktiske universitet.

Ekstern kopimottakar

Ekstern kopimottakar

Intern kopimottakar

Intern kopimottakar